

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 18.06.2019

Sak nr.: 19/1655-4

Internt l.nr.: 32334/19

Sak: 56/19

Tittel: Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 2

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1) VIS AS får eit tilskot på 100 000 kr. til å gjennomføre Innovasjonsuken OPP 2019
- 2) Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Mitt yrke- Unge gründere i Sogn og Fjordane»
- 3) Framtidsfylket AS får eit tilskot på 300 000 kr. til å gjennomføre TEx Vest – Teknologifestivalen på vestlandet
- 4) Momentum 2020 v/Ingebjørg Vamråk får avslag på søknad om tilskot til prosjekt «Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet»
- 5) Innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert tildelt kr 700 000
- 6) Det vert sett av kr 300 000 til å dekke kostnader i samband med forming av næringsinnsatsen i nytt fylke
- 7) Sør Energi AS får eit tilskot på 280 000 kr. til Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2019-2020
- 8) Fylkesmannen i Vestland får eit tilskot på 60 000 kr. til prosjektet « Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 -21
- 9) Restmidlar frå INU-ordninga vert disponert slik:
 - Tettstadutvikling 1 431 517 kr
 - Oppfølging av tilskot 100 000 kr

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til tettstadutvikling. Tettstadmidlane skal gå til prosjekt i kommunane Flora, Sogndal og Førde og tildelast etter søknad. Det vert opna for å støtte stadutviklingstiltak som er i grenseland for dei vanlege reglane for tettstadutvikling.

Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 100 000 kr. til oppfølging av tilskot.

- 10) Søknad frå Måløy Vekst om tilskot til prosjektet Måløy Ocean Hub får avslag
- 11) Tilskota vert finansiert slik:
 - a) Tilskotet til VIS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping
 - b) Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - c) Løyving til innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - d) Løyving til arbeid med å forme næringsinnsatsen i nytt fylke vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - e) Tilskotet til Sør Energi AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - f) Tilskotet til Fylkesmanne i Vestland vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.

